



Universitetet
i Stavanger

FAKULTET FOR UTDANNINGSVITSKAP OG HUMANIORA

BACHELOROPPGÅVE

Studieprogram: Lektorutdanning for trinn 8-13, fordjuping i nordisk/lesevitenskap

Kandidatnummer: 6441

Rettleiar: Hadle Oftedal Andersen

Tittel på bacheloroppgåva:

«Barnelitteratur» som litteratur for alle: Ei lesing av *Kurt koker hodet* som all-alder-litteratur, med utgangspunkt i allusjonar og flyktingdebatt

Antal ord: 8143

Stavanger, 16.05.2022
dato/år

«Barnelitteratur» som litteratur for alle

Ei lesing av *Kurt koker hodet* som all-alder-litteratur,
med utgangspunkt i allusjonar og flyktningdebatt

Innholdsliste

INNLEIING	1
TEORI	1
ALL-ALDER-LITTERATUR.....	1
ULIK ADDRESSERING	2
TEKSTVAL	3
KURT KOKER HODET	4
INTRODUKSJON AV BOKA	4
ALLUSJONAR, IKKJE INTERTEKSTUALITET	4
<i>Allusjonar for barn og vaksne</i>	<i>5</i>
<i>Allusjonar for vaksne og barn</i>	<i>6</i>
FLYKTNINGDEBATT OG KONTEINARFOLKA.....	10
<i>Naivistisk all-alder-litteratur.....</i>	<i>11</i>
AVSLUTTANDE REFLEKSJONAR.....	16
LITTERATUR.....	18

Innleiing

Barnelitteratur er ikkje gitt noko fokus på verken lektorstudiet eller bachelor- og masterstudiet i nordisk ved mitt universitet, noko eg har stussa over som kommande lærar. Elevane eg skal møta i skulen vil ha med seg sine teksterfaringar i bagasjen, og utan å ha kompetanse knytt til barnelitteratur vil eg ikkje ha moglegheit til å treffa desse elevane på ein god måte. Det var viktig for meg å nytta moglegheita som bacheloroppgåva gir til å gjera ein lesnad av ei barnebok som eg vonar eg kan nytta i framtidig undervisning. Denne bacheloroppgåva vil difor vera ei lesing av boka *Kurt koker hodet* (2003) av Erlend Loe, og eg vil lesa boka i ljøs av termen all-alder-litteratur. Eg vil særleg fokusera på korleis allusjonar eg finn i boka og boka si sentrale flyktingtematikk kan verta forstått i eit all-alder-perspektiv, og diskutera deira funksjon for barne- og vaksenlesaren, anten kvar for seg eller som ein felles lesnad mellom dei to modell-lesarane. Eg vil til slutt reflektera rundt korleis ei lesing av *Kurt koker hodet* som all-alder-litteratur vil gi andre moglegheiter for vaksenlesaren til å deltake i lesinga saman med barnelesaren, og korleis boka opnar for refleksjon for begge modell-lesarane.

Teori

All-alder-litteratur

All-alder-litteratur er ein term som har ulike definisjonar, avhengig av forskingstradisjon. Jon Fosse vert ofte gitt æra av å definera denne termen i ein norsk kontekst (Ommundsen, 2010, s. 21), og det vil difor vera vesentleg å undersøka korleis han forstår omgrepet da han har vore toneangivande i forståinga av og diskusjonen rundt termen i Noreg, sjølv om omgrepet var i bruk i norsk litteraturforskning «to tiår før Fosse kom på banen» (Hermansen, 2021, s. 3). Fosse presenterer omgrepet som del av ein diskusjon om den estetiske autonomien som kriterium for at tekstar i det heile skal kunne verta rekna som litteratur:

For skal barnelitteraturen bli seriøs litteratur, må den så å seie oppheve seg sjølv som barnelitteratur og bli litteratur, det vil blant anna seie at den ikkje må vere skriven med vekt på tilpassinga til barn, men med vekt på den estetiske autonomien, og i så fall endrar barnelitteraturen karakter frå å vere skriven utelukkande for barn til å vere skriven også for barn og dermed blir til det ein i seinare tid har snakka om som all-alder-litteratur. (Fosse, 1998, s. 72).

Ei forståing av all-alder-litteratur som eit fenomen berre basert på estetisk autonomi, slik som hos Fosse, slår dermed frå seg omgrepet som avhengig av ei forståing av modell-lesaromgrepet, og gjer

det om til eit kvalitetsstempel. Ei forståing knytt til modell-lesaromgrepet vil ein finna hos Åse Marie Ommundsen. Ommundsen si forståing av omgrepet er i all hovudsak knytt til kven forteljaren vel å venda seg mot som lesar. Ho definerer termen slik:

All-alder-litteratur er litteratur som henvender seg til både en barneleser og en voksenleser samtidig, og ikke til den ene på bekostning av den andre (Ommundsen, 2010, s. 66)

Ommundsen og Fosse er altså ikkje samde om kva det vil seia at noko er all-alder-litteratur. Fosse meiner at slik litteratur, gitt denne estetiske autonomien, vert all-alder-litteratur i det barnelesaren ikkje lenger er modell-lesaren, men heller at modell-lesaren er vaksen og barnelesaren er ein skyggelesar, nærast over skuldra til vaksenlesaren, eller som nokon som har låna ei bok som ikkje er for dei. Ein kan òg forstå det slik at det er to modell-lesarar av teksten, men at den vaksne modell-lesaren er viktigare for kvaliteten på verket enn barnelesaren. I ei slik forståing vil litteratur vera ei kunstform for vaksne, som barn stundom får vera ein del av når forteljarane i litteraturen gjer seg tilgjengeleg for dei. Barnelitteratur som ikkje er all-alder-litteratur vil difor vera «dårleg» i ein slik forståing og ikkje reknast som litteratur – mesteparten av det barn får servert av tekstar er da dårlege. Eit interessant spørsmål ein da kan stilla seg er kor forsvarleg ein slik bruk av barnetekstar vil vera, og om barn får innføring i litteratur før dei kan lesa all-alder- eller vaksenlitteratur, eller om all lesing av slike tekster utan ein vaksen modell-lesar er bortkasta som alt anna enn tekstøving. Samstundes vert all-alder-litteratur som omgrep gjort til eit kvalitetsomgrep der all-alder-litteratur vert forstått som god og ordentleg litteratur. Eg vil i denne oppgåva nytta Ommundsen si forståing av omgrepet, da eg er samd med ho i at det er dei likestilte modell-lesarane som vil gi ein indikasjon på om boka er all-alder-litteratur eller ikkje, og meiner at Ommundsen sin definisjon synleggjer dette på ein god måte. I mi lesing vil eg difor gå inn for å undersøka korleis *Kurt koker hodet* kan verta lese av både ein barne- og vaksenlesar, da det er desse modell-lesarane eg ser som sannsynlege.

Ulik adressering

Medan eg skal nytta Ommundsen sin definisjon av omgrepet all-alder-litteratur vil det vera interessant å undersøka Barbera Wall si forståing av forteljaren si rolle i oppfatninga av kven ein tekst er skriven til, som Ommundsen òg støttar seg på i si avhandling. Ein kan nytta Wall si forståing for å vurdere kven forteljaren viser at modell-lesaren er, og på denne måten òg undersøka om boka er for vaksne, barn, eller for både vaksne og barn, og altså da kan reknast som all-alder-litteratur. For å finna ut om ei bok er ei barnebok, må lesaren «[use] the voice of the narrator and the tone in which that voice addresses the narratee» (Wall, 1991, s. 273) for å nå ein konklusjon. Wall peiker på tre ulike måtar

forteljaren kan venda seg til barne- og/eller vaksenlesaren på: forteljaren kan berre adressera barnelesaren og nytta «single address», forteljaren kan adressera ein vaksenlesar på ein måte som det ikkje er meininga at barnelesaren skal forstå og nytta «double address», og forteljaren kan adressera barne- og vaksenlesaren samstundes og da nytta «dual address» (Wall, 1991, s. 35). Ommundsen sitt syn vil da vera, med støtte i Wall si forståing, at ein slik «dual address» vil vera nytta om ei bok skal verta forstått som all-alder-litteratur.

Tekstval

I valet av tekst som objekt for analyse i ljøs av all-alder-litteratur-termen, vil det vera nyttig å undersøka kva ein reknar som ei barnebok. Som Ommundsen (2010) nemner er skiljet mellom barne- og vaksenbøker ikkje like lett å få auge på grunna litteraturens tendens til å vera grenseoverskridande, men i min analyse vil ei slik undersøking av korleis ein skal forstå boka likevel vera nyttig. Ei forståing av korleis ein skal forstå barnelitteratur, som eg vil nytta i denne oppgåva, er at «Barnelitteratur er litteratur som er skrevet og utgitt for barn» (Weinrech, i Ommundsen, 2010, s. 13). Denne forståinga gjer det aktuelt å undersøka kven modell-lesaren av teksten er, noko eg som nemnt vil gjera i denne oppgåva i ljøs av Wall si forståing. Samstundes vil det vera aktuelt å undersøka kven boka vert retta mot av forlag og andre distributørar og bibliotek. For å gjera ei slik undersøking kan ein for eksempel sjå på korleis boka vert kategorisert av nokre slike institusjonar. På Nasjonalbiblioteket sine nettsider ligg *Kurt koker hodet* under emnet «barnebøker» (Nasjonalbiblioteket, u.å.), og på Cappelen Damm si nettside er anbefalt aldersgruppe ti til seksten år (Cappelen Damm, u.å.-a). Ein kan difor, med Weinrech si forståing i mente, seia at *Kurt koker hodet* kan reknast som ei barnebok. Samstundes har mellom anna Åse Marie Ommundsen gjort ei lesing av ei anna av Loe sine Kurt-bøker, *Kurtby*, som all-alder-litteratur. Ho konkluderte med at denne boka ikkje er all-alder-litteratur eller barnelitteratur, men ei rein vaksenbok, grunna den overgripande allusjonen til Knutby-saken på byrjinga av 2000-talet og mørk satire knytt til denne hendinga. Boka hadde difor bevega seg over grensa til vaksenlitteratur (Ommundsen, 2010). Samstundes har *Kurtby* ei aldersanbefaling av boka for fire til nittini år på Cappelen Damm sine nettsider (Cappelen Damm, u.å.-b). Eg meiner difor det er interessant å gjera ei liknande lesing av ei anna av bøkene i denne serien, altså *Kurt koker hodet*, som har ei meir tydeleg anbefaling av boka som barnelitteratur, da aldersanbefalinga er tydelegare retta mot barn, ti til seksten år, medan forlaget presenterer *Kurtby* som ei all-alder-bok gjennom si anbefaling av boka frå fire til nittini år. *Kurt koker hodet* er særleg aktuell for analyse da boka går inn i tema der meiningane til vaksne ofte vert gitt større autoritet enn barn, nemleg flyktningsspørsmålet, og fordi boka i stor grad og nyttar allusjonar, slik som *Kurtby*. Eg vil i analysen forklara kvifor eg meiner den aktuelle delen av boka kan verta lese av ein barnelesar, gjennom å skilja mellom lesinga til barne- og vaksenlesaren ut frå forventingar til forståing av verda og tekstkompetanse.

Kurt koker hodet

Introduksjon av boka

I *Kurt koker hodet* av Erlend Loe (2003) møter ein igjen Kurt, som er truckførar, og delar av familien hans. Ann Sylvi Larsen har skrive ei god og kort oppsummering av handlinga, som eg vil låna til denne oppgåva:

Handlingen i boka er kort fortalt at truckføreren Kurt og sønnen Bud finner en gruppe asylsøkere i en container på Gunnars kai, hvor Kurt jobber. Kurts kone, Anne-Lise, vil hjelpe flyktingene, mens Kurt er skeptisk. Flyktingene får til slutt avslag på asyl-søknaden og må reise videre. (Larsen, 2020, s. 1).

Denne boka er nummer seks i rekka av Kurt-bøker, og igjen har Loe samarbeida med illustratøren Kim Hiorthøy.

Kurt koker hodet har teikningar av Hiorthøy som er med gjennom heile boka. Derimot betyr ikkje dette at boka er ei biletbok, da boka ikkje fell under den gjengse definisjonen med eit eller fleire bilete per side (Birkeland et al., 2018). Sjølv om ein ikkje kan seia at *Kurt koker hodet* er ei biletbok, er det framleis nyttig å undersøkje korleis verbalteksten og teikningane fungerer saman, noko eg vil nytta Joanne Golden si forståing av samspel mellom bilete og verbaltekst til. Ut frå hennar inndeling i fem ulike interaksjonstypar, vil eg hevda at det i dette tilfellet er snakk om eit forhold der «the text carries primary narrative, illustration is selective» (Nikolajeva & Carole, 2006, s. 7). Borgersen (1985, s. 47) kallar ei slik bok for ei illustrert barnebok, i motsetnad til moderne biletbøker der både verbaltekst og illustrasjon bidrar med sjølvstendige element til forståinga. Eg vil difor kalla desse teikningane for illustrasjonar, og trekka illustrasjonane inn om eg oppfattar det som naudsynt. Forordet i byrjinga av boka (Loe, 2003, s. 5) vil heller ikkje vera ein del av denne oppgåva, da eg ikkje opplever denne som sentral for mi lesing.

Allusjonar, ikkje intertekstualitet

I *Kurt koker hodet* kan ein gjennomgåande finna fleire referansar til andre tekstar. I den samanheng vil det vera naudsynt å nytta mest mogleg nøyaktig term for å beskriva desse referansane. Store delar av litteraturforskinga nyttar termen *intertekstualitet* for å beskriva slike forhold, noko eg meiner ikkje vil vera hensiktsmessig i denne oppgåva. Julia Kristeva beskriv intertekstualitet som «text as a mosaic of quotations; any text is the absorption and transformation of another» (Kristeva, 1986, s. 37), og å undersøkje intertekstualitet er difor ei mykje større og meir omfattande oppgåve enn det eg ynskjer å

gjera i min analyse, da eg meiner det ikkje er naudsynt med ei så djuptgåande undersøking av intertekstualitet for å vurdere trekk ved teksten som peiker mot all-alder-litteratur.

Eg vil difor nytta omgrepet allusjonar i denne oppgåva, da eg opplever dette som meir treffande og som meir tilgjengeleg for ein analyse av dette omfanget. Allusjonstermen min vil vera ei forståing i tråd med ulike litterære oppslagsverk («Allusion», 1998; Holman & Harmon, 1992), som beskriv allusjonar som ein implisitt referanse til «another work of literature or art, to a person or to an event» («Allusion», 1998, s. 27). Allusjonar kan i denne forståinga vera til andre ting enn berre litterære tekster, noko eg vil gå nærare inn på seinare i oppgåva.

For at slike allusjonar ikkje berre skal vera eit element for den vaksne lesaren av teksten, seier Ommundsen at «Tilleggsbetydningen de intertekstuelle referansene [allusjonane] får for voksenleseren, går imidlertid ikke på bekostning av humoren som er tegnet inn» (Ommundsen, 2010, s. 77, mi oppklaring i klammeparantes). Dette betyr at allusjonane ikkje berre må ha ein verdi som allusjon, men at teksten dei er del av må vera skrivne slik at barnelesaren kan forstå humoren utan å forstå at det er ein allusjon eller kor allusjonen er frå. Det nyttar difor ikkje om slike allusjonar berre har verdi som allusjon, og elles lite verdi for teksten i seg sjølv. Samstundes kan det sjølvstundt vera slik at allusjonane er mest tilgjengelege for vaksenlesaren, da ein kan forventast at vaksne har fleire tilgjengelege litterære referansar enn barn. Uansett må teksten ha ein slik struktur at meininga og humoren ikkje berre kan verta lesne om ein kan lesa allusjonen, men at den er samstundes tilgjengeleg for både barne- og vaksenlesaren.

Allusjonar kan difor vera til glede for både vaksne og barn på same eller ulike plan, og ein kan finna døme på allusjonar som begge lesarane kan oppdaga i *Kurt koker hodet*. Slike allusjonar vil eg i denne oppgåva dela inn i to grupper, dei eg meiner er tilgjengelege for både barn og vaksne, og dei som eg meiner at i størst grad er tilgjengelege for vaksne. Dette vil eg gjera for å kunna diskutera korleis dei allusjonane eg forventar i størst grad vil treffa vaksne og kan verta lesne av barn, i tråd med Ommundsen si forståing av all-alder-litteratur.

Allusjonar for barn og vaksne

Allusjonar som er tilgjengelege for barn, er ofte òg tilgjengelege for vaksne, da vaksne ofte har møtt desse referansane som barn eller som vaksen medlesar med barn. Eit eksempel på ein slik allusjon i *Kurt koker hodet* er i ein samtale mellom Kurt og Rashid, ein av dei mest sentrale av konteinarfoka: «Sannheten må frem, sier Rashid. Det er ingenting som kan stoppe sannheten. Den er som posten. Kommer alltid frem.» (Loe, 2003, s. 63). Dette både ein allusjon til forståinga av Posten som organisasjon (som ei utvida forståing av person i allusjonsdefinisjonen) og korleis den fungerer, men

òg kopla direkte til postverkets gamle slagord, «Posten skal frem». Ein slik allusjon vil det vera rimeleg at både barne- og vaksenlesaren kan lesa, da ein kan forventa at begge har kjennskap til Posten som organisasjon og som konsept, og difor kan forstå kva Rashid meiner, men at vaksenlesaren kan oppfatta allusjonen til det konkrete slagordet i tillegg. Slagordet og forståinga vil difor kunne vera med på å underbyggja Rashid si fråsegn om at det ikkje er noko som kan stoppa sanninga, og difor gi meir tyngde til utsegna.

Ein annan måte allusjonar vert nytta i boka, er mot slutten, da Bud tek over som los på båten til kongen, noko som ikkje går heilt som planlagt: «Mer rekker han ikke å si før det kommer et Titanic-aktig kjempebrak» (Loe, 2003, s. 120). Her kan ein sjå på allusjonen på to måtar: allusjonen kan vera til sjølve båten Titanic og forliset, eller til filmen «Titanic» (Cameron, 1997). Lyden av eit slikt krasj vil vera knytt til forliset, ein del av den historiske kanon, og det vil difor uansett vera rimeleg å tenka at både barn og vaksne har kjennskap til ein av desse. Her vil dette vera ein allusjon ut frå forståinga eg har presentert tidlegare, der allusjonar òg kan vera til for eksempel historiske hendingar, kunst eller Bibelen. Om ein forstår allusjonen som til filmen eller hendinga vil da vera styrt av kva ein sjølv har kunnskap om. Beskrivinga av braket som «Titanic-aktig» vil difor gi både barn og vaksne ei forståing av omfanget av kollisjonen, men og ei kjensle av alvoret i situasjonen og av at Bud og Kongen kan døy om dei ikkje får hjelp. Allusjonen legg difor eit ekstra lag av alvor til hendinga.

Samstundes har ein òg referansar som er direkte sitat. Etter at Kurt har redda kongen frå å forlisa, heidrar kongen han og seier «Du var snarrådig og dyktig og hadde *stål i ben og armer* og dermed reddet du livet mitt.» (Loe, 2003, s. 123, mi kursivering). Dette er eit direkte sitat frå songen «Gymnastikkmarsj» (Nicolaisen, 1899), ofte kalla «Mot i brystet», ein kjent og kjær song frå 17. mai-tog og -feiringar over heile landet, og vil vera ein del av ein nasjonal kulturarv som både barn og vaksne har tilgang til. Ein annan slik referanse til ein song finn ein tidlegare i boka, da Gunnar fortviler over korleis det skal gå med kaia: «Arme meg, sier Gunnar. Hva i all verden skal jeg finne på nå? *Kanskje kommer kongen* snart og alt mulig...» (Loe, 2003, s. 100, mi kursivering). Dette sitatet alluderer til songen «Kanskje kommer kongen» av Knutsen & Ludvigsen (Knutsen & Ludvigsen, 1983), som òg er ein song både barn og vaksne i stor grad vil kjenna.

Allusjonar for vaksne og barn

Det er altså fleire allusjonar i *Kurt koker hodet* som både barn og vaksne kan ha glede av som allusjonar. Samstundes er det allusjonar eg vil hevda ikkje er like tilgjengelege for barnelesaren, men som framleis har ein eigenverdi eller funksjon i teksten som humoristiske innslag, og difor ikkje vil vera eit forstyrrende element for barnelesaren. Ommundsen seier det slik:

Hvis en bok skal kunne sies å være en all-alder-bok, er nettopp det viktig: Det kan gjerne være detaljer bare de voksne forstår, men da må de samtidig ha en verdi i seg selv, slik at barneleseren kan glede seg over dem på et annet plan. Hvis ikke vil de forstyrre barneleserens opplevelse. (Ommundsen, 2010, s. 77)

Allusjonane som er retta mot vaksne i *Kurt koker hodet* må òg ha ein effekt for barnelesaren av boka, og da ha ein eigen funksjon i teksten. Eg vil difor forsøka å forklåra korleis nokre av desse allusjonane moglegvis òg kan vera til glede for barn, òg når dei ikkje vert lese som allusjonar.

Eit eksempel på ein allusjon som er retta mot vaksenlesaren er i byrjinga av boka, da Gunnar fortel om ein mann som ynskte å kjøpa kaia han eig, og samtalen deira når Gunnar ikkje ynskjer å selja: «Snakker du til meg? sa den ekle typen igjen. Hva mener du? spurte Gunnar. Snakker du til meg? Jeg skjønner ikke hva du mener, sa Gunnar. Står du her og tøffer deg og snakker til meg? spurte typen.» (Loe, 2003, s. 10). I denne dialogen vert det tydeleg alludert til filmen «Taxi Driver» (Scorsese, 1976), og hovudkarakteren Travis Bickle sin kjente monolog framføre spegelen. Her er allusjonen med på å framstilla mannen som ein uberekneleg og trugande figur, og ein kan lesa kvifor Gunnar ikkje forstår tonen til mannen i situasjonen, da den verken passar situasjonen eller er tilpassa samtalepartnaren Gunnar, ein spak og forsiktig mann. Kontrasten mellom tonen til mannen og situasjonen vert difor eit komisk element, noko eg vil argumentera for at òg er tilfellet for barnelesaren. Barnelesaren vil kunne oppfatta at tonen til mannen ikkje passar inn i det som eigentleg er ei heilt vanleg forhandling eller samtale, og vil særleg vera markant i samtale med Gunnar, ein spak og forsiktig mann. Mannen sin tone vil difor verka urimeleg og kvass, og lite proporsjonal til det dei faktisk snakkar om. Kontrasten mellom forventningar dei har til samtalen, som ein som lesar òg får møta hjå ein forfjamsa Gunnar, og det som faktisk skjer vil difor kunne lesast som eit komisk element grunna brot med forventningar. Barnelesaren vil difor òg kunne få glede ut av teksten utan direkte kjennskap til allusjonen, og mykje av humoren vil òg vera lik for den vaksne lesaren, berre at hen gjerne har kjennskap til allusjonen i tillegg. Her vil allusjonen nesten berre fungera som ein godt plassert detalj eller gøymt skatt for vaksenlesaren som hintar mot ei tolking av situasjonen, og sjølve samtalen mellom dei to karakterane har difor ein verdi i seg sjølv, utan ei forståing av allusjonen.

Ein lesnad av allusjonar som humoristisk element for barnelesaren vil òg vera tilfellet for allusjonen til TV-serien *The Wire* (Simon, 2002-2008), der polske kvinner vert frakta med konteinar i sesong to, men grunna ein feil med ventilasjonen dør alle kvinnene. Dette vert alludert til i *Kurt koker hodet* gjennom asylsøkarane i konteinaren, eller konteinarfolka (Loe, 2003, s. 43). Asylsøkarar som kjem i konteinarar vil verka som eit fantastisk element for dei fleste barne- og vaksenlesarar, men vaksenlesaren vil kunne få auge på allusjonen i tillegg til det humoristiske.

Tittelen på boka, *Kurt koker hodet*, kan ein òg sjå som ein allusjon til eit meir konkret og områdespesifikt omgrep, nemleg «å koke hovudet» (Larsen, 2020, s. 9). Loe si forklaring av uttrykket er at det har liknande innhald som «skjerp deg!» eller «idiot!» (E. Loe, personleg kommunikasjon, 22. april 2022). Dette vil i stor grad vera ein skjult allusjon for dei aller fleste lesarar, både vaksne og barn, men kjent for nokre lesarar frå Trondheimsområdet. For lesarar frå Trondheim vil tittelen på boka difor bety noko som «Kurt er ein idiot», ein godt gøymt vits. Samstundes vert nok allusjonen oppfatta som nonsens av de fleste lesarane, særleg saman med Hiortøy sin illustrasjon (sjå illustrasjon 1). Humoren er her å finna i brotet mellom den verkelege verda og forventningar til den, og det litterære verda boka presenterer, eit humoristisk skilje til glede for både barne- og vaksenlesaren på lik linje.



Illustrasjon 1: Kurt og Rashid kokar hovudet (Loe, 2003, s. 113)

Eg vil hevda at fleire av allusjonane som det berre er rimeleg at vaksenlesaren kan forstå har ei slik rolle i teksten: Det er meir snakk om skjulte skattar enn funksjon i seg sjølv, og dei vil difor ikkje vera forstyrrende for barnelesaren, men heller eit morosamt innslag av noko som kan verta oppfatta som eit stilistisk brot med resten av verbalteksten. Eit eksempel på dette er når Gunnar finn ut av at Kurt har skjult konteinarfolka frå han, og seier: «Jeg har nærret en slange ved mitt bryst» (Loe, 2003, s. 98). Dette er ein allusjon til ein av Æsop sine fablar (Det norske akademis ordbok, u.å.), og er ikkje nødvendigvis ein allusjon som vaksenlesaren vil lesa som henta frå denne teksten, men heller som ein klisjé og fast uttrykk. Her vil allusjonen meir fungera som eit brot med resten av teksten med enkel og presis språkbruk, til eit vagare språkleg bilete som her igjen skapar eit brot med forventingane ein har som lesar: Vaksenlesaren vil kunna lesa både allusjonen og brotet med forventingar, medan barnelesaren berre vil lesa brotet med forventingar. Funksjonen til allusjonen vil vera den same, at brotet vert opplevt som humoristisk og overdrive, og difor vera del av humoren i boka.

Eit anna eksempel på at allusjonar som vert oppfatta som hyperbolske vert kjelde til humor er da Bud avslørar hemmelegheitene om konteinarfolka til Anne-Lise: «Jeg kan ikke leve i falskhet og løgn!» (Loe, 2003, s. 51), ein allusjon til Salomons ordspråk 30:8 (Ordsp 30,8, Bibel 2011). Dette vil eg heller ikkje tru er ein veldig tilgjengeleg allusjon for dei fleste vaksenlesarar som konkret henta frå Bibelen, men òg her kan ein kjenna igjen tonen og formuleringane som kan gi ein assosiasjon til Bibelen. Ein slik hyperbol frå eit lite barn kan både vaksne og barn mora seg over grunna kontrasten mellom forventingar til eit barn og det Bud, som berre er 2 år, seier. Kjelda til humoren her er igjen forventingsbrotet, og vil kunna vera lika morosamt på same måte for vaksne og barn.

Merkverdigeita og tomheita i utsegner som kjelde til humor for barn og vaksne kjem kanskje tydelegast til uttrykk i den gjentakande bruken av allusjonar til Märtha Louise og Ari Behn si bok *Fra*

hjerter til hjerte (2002), der Märtha Louise beskriv at ho føler seg som ei lysfontene (Behn & Prinsesse Märtha Louise, 2002, s. 25). Dette kan ein sjå fleire gonger i teksten, og vert konsekvent berre nytta av Bud på to år, i samtalar om konteinarijenta Fatima som Bud har falle pladask for. Etter ei erklæring om gifteplanar nyttar han uttrykket for første gong: «Jeg er fylt av... av... jeg klarer ikke å sette ord på det, dere må lære meg flere ord, men det er noe lyseblått, liksom, og svevende. Det er nesten som om jeg vasser i lys.» (Loe, 2003, s. 52). Berre teksten i seg sjølv kan verta lesen som eit humoristisk innslag, da tanken på ein to-åring som er forelska og vil gifta seg talar mot vår forståing av korleis verda pleier og skal fungera. Samstundes vert uttrykket peika på som eit resultat av at Bud ikkje kan så mange ord, og vert lese som eit tomt uttrykk og som nonsens – ved å seia at han vassar i ljøs kan ein ikkje forstå han noko betre, og frasa vert difor utan innhald. Karakterane i boka gjer òg uttrykk for at dei ikkje forstår eller bryr seg om dei barnlege utbrota til Bud, noko ein kan lesa ut av denne utvekslinga mellom Bud og Kurt: «Jeg ser det gode i alle mennesker og jeg vasser i lys, pappa. Jeg føler meg omtrent som en lysfontene. Jaja, whatever, sier Kurt» (Loe, 2003, s. 71), igjen etter eit utlegg frå Bud om at han vil stikka av og gifta seg. Her avviser Kurt Bud på ein slik måte at ein kan lesa at han ikkje meiner Bud har sagt noko av verdi. Igjen vert tomheita i utsegna tydelege, og her da tydeleggjort av karakterane. *Kurt koker hodet* vart gitt ut i 2003, eitt år etter den nemnte boka vart gitt ut, og ein kan difor rekna med at Märtha Louise og Behn si bok difor var ein større del av det kollektive vaksne medvitte. For ein vaksneslesar vil ein kunne rekna at allusjonar til boka skal virka som eit humoristisk grep grunna særeigne formuleringar og uvande bilete. Desse uvande formuleringane vil òg vera kjelde til humor for barnelesaren, utan at hen kjennar opphavet, fordi hen kan mora seg over korleis karakterane, eksempelvis Kurt, reagerer på Bud sin nonsens. Samstundes kan barne- og vaksneslesaren mora seg over allusjonen som ei framstilling av Bud som barnleg og utan godt språk, slik at han vert nøyd til å nytta tomme uttrykk, noko ein tidlegare i boka har sett at ikkje eigentleg er tilfellet. Metaforen kan difor verta lesen som ein del av barnepludring, der barn set saman ord som ei utforsking av meining og forsøk på kommunikasjon. Ei slik lesing av allusjonen vil gjerne vera ekstra morosam for vaksneslesaren, der to kulturpersonlegdomar og kongelege vert framstilla som like velformulerte og presise i språket som eit lite barn. Her vil igjen ein humoristisk detalj vera leseleg for begge lesarane, og difor ikkje verka forstyrrende for barnelesaren – allusjonane i *Kurt koker hodet* vil difor ikkje berre ha ein funksjon for vaksneslesarane, men kunne lesast som å ha ein funksjon for begge lesarane.

Kurt koker hodet nytter allusjonar der forma ikkje er overordna funksjonen, og allusjonane vil difor ha ein eigen verdi i seg sjølv og kan verta lesne av både vaksne og barn saman, men òg kvar for seg. Hadde desse allusjonane vore forstyrrende slik at den eine lesaren ikkje kunne ha lese boka utan den andre (altså at det berre var mogleg for vaksneslesaren å lesa boka med eit barn, og motsett) ville ikkje desse allusjonane ha ein funksjon som vil vera i tråd med forståinga av all-alder-litteratur, og da berre vore ei barne- eller vaksnebok som modell-lesaren kunne vist den andre rundt i. Allusjonane ville da

gått ut over teksten si moglegheit til å kommunisera til dei aktuelle modell-lesarane, og ville da ikkje verta akseptert som barnelitteratur av barnelesaren (Ommundsen, 2010, s. 84).

Flyktningdebatt og konteinarfolka

Flyktningdebatten og asylspørsmålet er tydeleg tematisert i *Kurt koker hodet*. Ein kan allereie ana dette temaet da Kåre, ein kollega av Kurt, snakkar om leverpostei: «Den er forresten norsk. Laget av nordmenn. I Norge.» (Loe, 2003, s. 11), og seinare seier at «Det som er norsk er nesten alltid bedre enn det som ikke er norsk» (Loe, 2003, s. 13). Allereie her vert Kåre, som ikkje vert framstilt som særleg intelligent, gjort til representant for skepsis mot menneske frå andre kulturar. Innleiingsvis vert slike haldningar plassert hos ein karakter som ikkje er særleg populær hjå hovudkarakteren Kurt, som til og med gir Kåre motstand: «Hvorfor maser du alltid om at alt mulig skal være norsk? sier Kurt. Er ikke det ganske dustete?» (Loe, 2003, s. 12-13). Her kan vaksenlesaren lesa kven Kåre skal representera i det norske samfunnet, nemleg den xenofobiske eller framandskeptiske vaksne mannen, medan barnelesaren kan lesa at Kåre ikkje vert tatt seriøst av Kurt, og at det tydeleg er lov å driva gjøn med Kåre i gruppa. Difor kan barnelesaren slutta seg til at Kåre er ein mann ein ikkje vil vera einig med. Barnelesaren vil gjerne difor vidare i boka vera skeptisk til Kåre og fråsegner frå han knytt til innvandring og utlendingar. For vaksenlesaren kan dette gjera at ein ikkje tek Kåre seriøst, men òg at ein identifiserer seg med Kåre, alt etter haldningane vaksenlesaren sjølv har. Ei slik identifisering kan da gjera at ein opplever ein avstand til Kurt som karakter, grunna den markerte avstanden i standpunkt frå Kurt si side.

Seinare same dag verker det derimot som om haldningane til Kåre har fått veksa hjå Kurt, som ligg i senga med Anne og snakkar om at han er redd for å mista jobben sin som truckførar. Han er særleg bekymra for utlendingar som kan ta jobben hans:

Jeg skjønner ikke hva de har her å gjøre, sier han. Hvem? sier Anne-Lise. Alle utlendingene, sier Kurt. Hvorfor kan de ikke bare holde seg der de kommer fra? Verden er ikke så enkel, Kurt, sier Anne-Lise. Jeg skjønner ikke hva som er så komplisert, sier Kurt. Vi kommer jo fra Norge og vi holder oss stort sett i Norge. Hvorfor kan ikke bare andre gjøre det samme? Anne-Lise sukker. Dette har jeg forklart deg før, Kurt, sier hun. (Loe, 2003, s. 25)

Her vert Kurt og Anne-Lise gjort til representantar for dei to sidene ein oftast kan sjå i den norske flyktningdebatten: ein som er skeptisk eller i mot å ta inn flyktningar og asylsøkarar, og ein som er positiv til innvandring og å ta inn flyktningar. Her er det òg interessant at Kurt vert framstilt som meir innvandrings skeptisk enn tidlegare, og no ser ut til å vera uforståande til kvifor Anne-Lise ikkje er samd med han, som går inn i «en voksen rolle og forklarer tålmodig for Kurt» (Larsen, 2020, s. 5).

Dette gjer at vaksenlesaren i større grad kan identifisera seg med Anne-Lise, som forklårar for ein barnsleggjort Kurt, og difor verker å gå inn i foreldrerolla for mannen sin. Kontrasten mellom den innvandringsliberale og vaksne Anne-Lise og den innvandrarskeptiske og barnsleggjorte Kurt kan difor gjera at barnelesaren gjer ein lesnad der dei oppfattar ein moralistisk intensjon frå Anne-Lise. Barnelesaren kan difor lesa utdraget som at det er hennar haldningar som er riktige og lov å vera einige i. Samstundes vert dette utfordra av at Kurt er hovudkarakteren i *Kurt koker hodet*, og at barnelesaren difor får ei forståing for at det òg er grunnlag til å oppleve identifisering med Kurt. Barnelesaren kan difor gjera ein meir ambivalent lesnad enn det vaksenlesaren gjer, da den moralistiske tonen hjå Anne-Lise gjerna får større grobotn hjå barnelesaren. Samstundes ver ikkje Anne-Lise framstilt som berre liberal og fordomsfri, noko eg vil venda attende til.

Naivistisk all-alder-litteratur

Kurt og Bud finn ein konteinare som dei kan høyre bank frå på kaia til Gunnar, og opnar døra til konteinaren for å undersøkje kvifor den bankar. Først kjem Fatima ut, som Bud vert trollbunden av, og Rashid, før Rashid ropar inn i konteinaren til dei andre asylsøkarane. Beskrivinga av desse menneske er prega av ein naivistisk og observerande stil: «Straks etter kommer en helg gjeng med folk ut. Det ser ut som om de kommer både herfra og derfra. Noen er mørke i håret og andre i både hud og hår.» (Loe, 2003, s. 42). Beskrivinga av konteinarfolka, som asylsøkarane vert kalla, er gjort med nøytralt og presist språk. Barnelesaren kan her lesa beskrivinga som oppriktig og undrande, der forteljaren sitt språk er med på underleggjere situasjonen. Gjennom å beskriva desse menneske på ein slik måte verkar observasjonen meir uvanleg og ukjend enn det han eigentleg er, da det ikkje er uvanleg å møte menneske frå andre kulturar og med annan etnisk bakgrunn. Samstundes får språket det til å verka som om dette er første gong forteljaren har sett dette, som om hen ser romvesen, og ikkje menneske. Språket gjer difor observasjonen meir ekstraordinær. Både barne- og vaksenlesaren kan difor undra seg over om forteljaren her forsøker å beskriva Kurt sitt første møte med menneske frå andre land, og difor legg fokalisinga hjå Kurt, eller om beskrivinga er vald av forteljaren uavhengig av karakterane. Det vil gjerne vera mest rimeleg å lesa utdraget som uttrykk for den naivistiske stilen i *Kurt koker hodet*.

Ommundsen deler all-alder-litteratur i tre underkategoriar: eksistensiell, kompleks, og naivistisk all-alder-litteratur (Ommundsen, 2010, s. 67-74). Andersen (2003) skriv at «interessen for det naive startet omkring 1890» (Andersen, 2003, s. 125), og meiner difor at den naivismen ein har i dag er ein form for ny-naivisme, og peiker på det barnlege og enkle som tydelege trekk ved denne retninga. Det enkle og barnlege kan vera til stades i uttrykket, og syntaksen kan vera eit tydeleg utslag av ny-naivismen. For å kopla ein slik naivisme opp til all-alder-litteratur-omgrepet skriv Ommundsen at «Den naivistiske all-alder-litteraturen kjennetegnes ved et barnlig blikk på tilværelsen, samtidig som

det er innskrevet leserposisjoner både til barn og voksne i tekstene» (Ommundsen, 2010, s. 67). *Kurt koker hodet* passar inn i ei slik tradisjon, med enkelt språk, undrande formuleringar og direkte observasjonar.

For vaksenlesaren kan beskrivinga av konteinarfolka verka ironiserande over korleis nokre nordmenn beskriv menneske frå andre land basert på hudfarge og utsjånad, men òg over ein kultur som i stor grad unngår å beskriva menneske sitt utsjåande knytt til etnisitet og hudfarge. I Noreg er det i lita grad kulturell aksept for å beskriva menneske slik, da mange ville ha tatt dette som eit medvite forsøk på å skapa ein forskjell mellom kvite majoritetsnordmenn og minoritetsnordmenn med ulik bakgrunn og etnisitet. Forteljaren si beskriving vert difor ikkje tatt oppriktig av vaksenlesaren grunna kjennskap til desse normene, og ved å ikkje lesa observasjonen som oppriktig vil ein lesa det som ironi, som implikatur (Svennevig, 2020). Den implisitte budskapet kan difor verta lesen som at observasjonen heller er eit forsøk på å markera at konteinarfolka ser annleis ut enn Kurt og Bud, representantar for majoritetsnordmenn, og difor òg må vera annleis i personlegdom og veremåte. Her må vaksenlesaren nytta sin kunnskap om verda til å lesa inn haldningane det vert ironisert kring her, og det vil difor vera rimeleg å tenka at denne ironiseringa er meir tilgjengeleg for vaksenlesaren enn barnelesaren.

Ei anna forståing kan vera at ein er uvitande om sosiale kutymar eller om diskurs rundt rasisme og sosiopolitiske spørsmål, og at ein ved å snakka på denne måten skil seg ut som lite reflektert og gammaldags. Samstundes er verbalteksten her ikkje noko anna enn ein nøytral observasjon, utan at ein som lesar har fått noko grunn til å mistenka at forteljaren her ynskjer å markera forskjellen mellom majoritet og minoritet, eller at forteljaren er uvitande. Vaksenlesaren kan difor oppleve eit sosialt gitt ubehag knytt til merksemd rundt etnisitet, sjølv om verbalteksten ikkje gir nokre som helst indikasjonar på at forteljaren gjer ei vurdering av det hen observerer. Ubegagat kan da vera knytt til eit ønske om å ikkje verta identifisert med verken den eine eller andre måten i eget liv, og skapa rom for refleksjon om korleis ein sjølv har fordommar mot menneske som uttalar seg på denne måten, men òg fordommar mot denne typen diskurs. Dette kan påverka barnelesaren i mindre grad, men hen kan òg merka seg den uvande måten å beskriva andre menneske på. Beskrivinga av konteinarfolka kan difor få både barne- og vaksenlesaren til å reflektera over korleis ein snakkar, og ikkje minst *ikkje* snakkar, om menneske med minoritetsbakgrunn.

Anne-Lise får vite om konteinarfolka av Bud, og pressar Kurt til å ta ho med til kaia slik at ho kan møte dei. I møte med asylsøkarane viser Anne-Lise ei anna framtoning overfor asylsøkarane enn den modell-haldninga ho presenterte for Kurt:

Når Anne-Lise snakker til containerfolkene, snakker hun veldig, veldig, veldig sakte og uttaler hvert eneste ord svært og ekstremt tydelig. HEI PÅ DERE, sier Anne-Lise. JEG HETER

ANNE-LISE OG SYNES DET ER VELDIG SPENNENDE MED SLIKE SOM DERE...

(Loe, 2003, s. 56)

Her vert den overtydelege måten å snakka på markert med versalar, og vert da grafisk markert i teksten. For barnelesaren kan dette verta lese som merkeleg og markant annleis enn korleis Anne-Lise tidlegare har snakka, både i samtale med Kurt og Bud, men òg det ho har sagt om flyktningar og asylsøkarar. Her rettar ho seg tydeleg berre mot konteinarfolka, og ein må difor lesa dette som at det er fordi ho snakkar med konteinarfolka, altså menneske frå eit anna land, at ho no snakkar sakte og tydeleg. Samstundes har lesaren og Anne-Lise allereie fått etablert at konteinarfolka snakkar og forstår norsk, medan ho omtrent snakkar som ein hadde snakka med små barn. For barnelesaren kan dette gi ein lesnad der Anne-Lise her får ein etos-brest, der ho tydeleg ikkje oppfører seg mot asylsøkarane slik ho hadde gjort mot majoritetsnordmenn og familien sin, og difor kan verte sittande med ein tvil kring haldningane hennar. Som vaksenlesar kan ein lesa dette som ei umyndiggjering av konteinarfolka frå Anne-Lise, og at hennar karakterisering av asylsøkarane som spanande er eit uttrykk for hennar underliggande og umedvitne fordommar mot konteinarfolka. Måten Anne-Lise snakkar om konteinarfolka på, særleg gjennom formuleringa «slike som dere», gjer at ein kan lesa det Anne-Lise seier som at alle som kjem som asylsøkarar er del av ei homogen gruppe. Ei slik generalisering gjer at individualiteten deira vert utsletta, og at det særeigne individuelle må vika for gruppa si framtoning. Her markerer ho òg ein avstand mellom konteinarfolka og nordmenn, da ho ikkje brukar slike generaliserande formuleringar om sine eigne landsmenn. Vaksenlesaren kan difor reflektera over korleis ein sjølv møter menneske frå andre kulturar, og om eventuell eiga overdriven tydelegheit er utslag av godheit eller dumsnille fordommar. Etos-bresten kan difor gi vaksenlesaren ein større grad av sjølvransaking enn dei yngste barnelesarane, som gjerne ikkje kjenner dette igjen i eige handlingsmønster.

Samstundes vert ikkje konteinarfolka berre rosemåla og framstilt som heilt uskyldige. Mot slutten av boka ber Anne-Lise, som har vore forkjempar for konteinarfolka og sjølv har gitt ekstra merksemd til Rashid, Fatima om å omsetja det Rashid snakkar om i telefonen, da Anne-Lise håper og trur at han snakkar om korleis ho har tatt han i mot og vist han gjestfridom. Fatima er nølande, men avslørar for Anne-Lise at Rashid «sier han har skaffet seg jobb og at han bor hos en godtroende og litt dustete dame som syns alt han sier er spennende og som lager mat til ham døgnet rundt og som strikker alt han peker på. [...] Og dessuten sier han at du ikke eier rytmesans og at du danser som ei ku» (Loe, 2003, s. 110). Dette gjer Anne-Lise ei oppleving av å ha vorte brukt, og ho vert sint og lei seg. Her vert det bilete som tidlegare har vorte gitt av Rashid, både som enkeltkarakter og representant for asylsøkargruppa i boka, kontrastert med ei framstilling av han som kynisk og manipulerande. Dette gjer karakteren meir nyansert, men òg at alle konteinarfolka vert mistenkeleggjorde i ljøs av avsløringa om Rashid. For både barne- og vaksenlesaren vil dette gi ei ambivalent haldning til

asylsøkarane, og gjera ein mindre sikker på det dei tidlegare har presentert som situasjonen deira. Lesaren kan da oppleve større identifisering med Kurt, som tidlegare var skeptisk til Rashid. Samstundes får dei to mennene kontakt etter denne hendinga, da begge vert einige om at Anne-Lise er dum, og kokar hovudet saman. Alternativt kan barne- og vaksenlesaren lesa avsløringa humoristisk, og tenka at Anne-Lise var naiv og blåøygd i møte med menneske ho ikkje kjende. Lesaren kan da lesa dette for fortent, og dette kan gi økt identifisering med Kurt. Samstundes kan både barne- og vaksenlesaren reflektera over framstillinga av konteinarfolka som verken berre gode eller kyniske, men heller som samansette karakterar av både positive og negative eigenskapar. Vaksenlesaren kan i denne samanhengen reflektera over effekten av ei slik framstilling på barnelesaren, da boka ikkje berre er positivt innstilt mot konteinarfolka som vert framstilt som «dei andre», og korleis ein kan lesa dette om boka vert lese som å ha ein oppdragande funksjon (Larsen, 2020). Vaksenlesaren får i ein lesnad av boka moglegheit til å reflektera rundt korleis framstillinga av flyktningar og asylsøkarar som berre gode eller berre vonde er med på å gi eit lite realistisk bilete av desse menneska, kontra ei nyansert framstilling i ei bok der ein ikkje kan seia at nokon karakterar er heilt gode eller vonde. Samstundes gir ei allmenngjering av konteinarfolka som dårlege menneske, som kan verta lese gjennom avsløringa av Rashid si manipulering og kynisme, ei opning for vaksenlesaren til å reflektera over korleis han sjølv overfører menneskelege eigenskapar frå individ til grupper, og rundt korleis ei slik allmenngjering dannar grunnlag for rasistiske haldningar og fordommar.

Det er derimot éin aktør i boka som berre vert framstilt ufordelaktig, nemleg Staten. I *Kurt koker hodet* hjelper Anne-Lise konteinarfolka med å søkja opphaldsløyve, og send inn søknadar for alle, inkludert ballongen til Fatima. Konteinarfolka får svar, og opnar ivrig breva sine, da Anne-Lise har trygga dei om at dei nok vil få verta i Noreg. Svaret frå Staten, ein personifisert representasjon av den norske styresmakta, er overraskande og skuffande:

Norge er et vakkert land som det ikke er alle forunt å bo i. Vi har allerede de folkene vi trenger og vi velger å jobbe for at de som er født her skal få flere penger og biler og båter heller enn å kaste penger ut av vinduet på slike som deg. Du kan med andre ord bare glemme å få lov til å bli her. Vi behøver deg ikke, og dessuten syns vi du ser rar ut. Lykke på reisen.
Hilsen Staten. (Loe, 2003, s. 106).

Ingen i konteinaren får opphald i Noreg, utanom ballongen til Fatima, som vert ønska «Velkommen på laget.» (Loe, 2003, s. 106). Her vert den naivistiske stilen tydeleg, og eit svar på ein formell søknad vert møtt med enkelt og barnleg språk. Kontrasten mellom det forventa og det faktiske språket i brevet kan verte lese av både barne- og vaksenlesaren som eit humoristisk element, der form og sjangerforventingar kolliderer. Eit slikt satirisk innslag som ein finn her, i ein tydeleg kritikk av styresmakta, vil vera ein kombinasjon av den tidlegare nemnde stilen og innhaldet i brevet. Satiren kan

og verta lesen som retta mot Fremskrittspartiet (FrP) og deira veljarar, som gjerne har ein liknande retorikk om velferdsstaten og «dyre» asylsøkarar, og at det ikkje er «alle forunt å bo i» (Loe, 2003, s. 106) Noreg. Satiren ligg i den eksplisitte vurderinga av konteinarfolka på slutten av brevet, og i den barnslege og useriøse tonen, som gjer at det politiske prosjektet til parti som FrP forsvinn i det useriøse språket. Ei slik lesing vil krevja kunnskap om norsk politikk og dei politiske partia, noko vaksenlesaren vil ha i større grad enn barnelesaren, og vaksenlesaren vil difor ha betre forutsetningar for å lesa denne satiren som satire retta særleg mot FrP .

Innhaldet i avslaget er i byrjinga slik ein kan venta, med ei forklåring om at alle ikkje kan få bo i Noreg, men skilir ut i ei barnsleg og usakleg forklaring på at Fatima, ei lita jente, «bare kan glemme å få lov til å bli her» (Loe, 2003, s. 106). Saman med kommentaren om at ho (og da i forlenginga dei andre konteinarfolka) ser rare ut, verkar dette, som Larsen peiker på, som «tonen til en mobber i barneskolealder» (Larsen, 2020, s. 8). Staten går gjennom ein brutal etos-kollaps, og verkar urimeleg og urettferdig. For barnelesaren vil eit slikt brev, og særleg eit brev med dette innhaldet og stilen, bryta med barn si rettferdssans (Larsen, 2020, s. 8) og oppfatning av korleis staten burde ha svara Fatima og konteinarfolka. Dette vil skapa ein avstand mellom barnelesaren og Staten i boka, noko som òg vil vera tilfellet om barnelesaren ikkje les delen som ei satirisk raljering med styresmakta, og heller les det som ei personifisert utgåve av kvardagsrasisme saman med ei umoden og useriøs avslutning på brevet. Vaksenlesaren vil òg kunna lesa teksten slik, men samstundes ha eit medvit om korleis Staten sitt svar er knytt til argumenter i den faktiske flyktningdebatten: «Vi kan ikke hjelpe alle, og dersom vi tar imot et stort antall av asylsøkere, vil det gå ut over den norske velferdsstaten» (Larsen, 2020, s. 8). Difor vil vaksenlesaren kunna lesa teksten som ei vidare ironisering av det politiske klimaet i Noreg, særleg knytt til flyktning- og asyldebatt. Staten vert da for vaksenlesaren òg ein personifisering av det politiske klimaet og politiske parti, i tillegg til styresmakta.

Konteinarfolka i *Kurt koker hodet* vert skildra på ein slik måte at det er mogleg for både barne- og vaksenlesaren å oppfatta kva som vert tematisert, og difor kunna reflektera over korleis ein sjølv stiller seg til dette spørsmålet. Modell-lesarane vil lesa teksten ulikt og difor gjerne ikkje få med seg dei same passasjane som aktuelle i ein slik flyktningdebatt, men framleis oppfatta at det vert tematisert sjølv om barnelesaren ikkje naudsynt set dette inn i ein større samanheng. Samstundes er moglegheitene for vidare refleksjon for vaksenlesaren ikkje eit forstyrrende element for barnelesaren, da desse ikkje vert gjort så eksplisitte at dei forstyrrar lesinga deira. Flyktningsspørsmålet i *Kurt koker hodet* kan difor verta lese i tråd med Ommundsen si forståing av all-alder-litteratur.

Avsluttande refleksjonar

Kurt koker hodet har tydelege trekk som kan verta lesne i tråd med ei all-alder-forståing, og ein kan argumentera for at forteljaren retter seg mot både ein barne- og ein vaksenlesar, både samstundes og kvar for seg. Gjennom ei slik «dual address» (Wall, 1991) gjer forteljaren teksten meir engasjerande for begge lesarane samstundes, og vaksenlesaren vert meir invitert inn i teksten gjennom bruk av allusjonar, ironi og satire, medan både barne- og vaksenlesaren får deltaka i historia som vert fortald. Det er òg allusjonar og ironi i *Kurt koker hodet* som er tilgjengeleg for barnelesaren, og begge lesarane vert difor adresserte parallelt. Slike all-alder-grep vil gjerne vera med på å opna horisonten for kva det er akseptabelt å lesa for vaksenlesaren, da det ein reknar som barnelitteratur konstant og konsekvent vert oppfatta som dårlegare og mindre viktig enn vaksenlitteratur. For vaksenlesaren kan det å oppleva at ein kan deltaka i lesinga på lik linje med barnelesaren vera med på å styrka ei forståing om at «barnelitteratur» ikkje «berre» er for barn, men er litteratur som barnelesaren òg kan deltaka i saman med ein vaksenlesar. Dette kan gjerne gjera at ein vil få endra haldningar til korleis ein les barnelitteratur saman med barn, eller åleine som vaksenlesar. Vaksenlesaren kan difor ta større eigarskap over forteljinga enn han ville kunna gjera om forteljaren nytta «single address» til barnelesaren.

Samstundes gir *Kurt koker hodet* òg moglegheit til refleksjon for begge modell-lesarane gjennom å trekka fram flyktningsspørsmålet og norske haldningar til «dei andre», gjennom å gjera konteinarfolka til representant for «dei andre» i boka. Desse spørsmåla får ikkje eit tydeleg svar, verken for eller mot eksempelvis mindre restriktiv asylpolitikk, og det er difor mykje rom for lesaren til å reflektera kring dette spørsmålet. Vaksenlesaren har gjerne danna seg ei viss meining rundt spørsmålet før han les *Kurt koker hodet*, medan barnelesaren gjerne er meir open for nye perspektiv og haldningar. Samstundes får ikkje barnelesaren servert nokre klare svar eller haldningar i boka, og må difor reflektera over og danna seg ei meining rundt spørsmåla på eit meir sjølvstendig vis. Korleis dei les desse spørsmåla vil difor gjerne vera ein prosess som dei må vera aktive i for å få meining frå teksten, og dei vert difor sterkt oppfordra til å deltaka aktivt i lesinga gjennom refleksjon og eventuell diskusjon med ein medlesar. Vaksenlesaren får moglegheit til å møta eigne haldningar og oppfatningar gjennom å lesa dei ulike perspektiva i *Kurt koker hodet*, og kan oppleva identifisering med ein eller fleire av karakterane på ulike stader i boka. Kven ein identifiserer seg med vil òg gjerne endra seg i løpet av boka, noko som både gir vaksen- og barnelesaren moglegheit til å reflektera over eigne haldningar og korleis dei utviklar seg, og over korleis eigne og andre menneske sine haldningar ikkje er statiske, men dynamiske, og vil vera i konstant endring.

Kurt koker hodet gir altså begge modell-lesarane mange moglegheiter til å reflektera rundt tema og spørsmål som vert presentert i boka, og gjer difor at vaksen- og barnelesaren i stor grad vert invitert til

deltaking i si lesing. Slik deltaking gjer at begge lesarane i større grad får eigarskap til teksten, og vert inviterte til meir aktiv lesing.

Litteratur

- Allusion. (1998). I J. A. Cuddon (Red.), *A Dictionary of Literary Terms and Literary Theory* (4. utg.). Blackwell.
- Andersen, P. T. (2003). Tilbake til Brio og «den oseaniske natursubstansen»: Om Erlend Loes Naiv. Super. Og Thure Erik Lunds Grøftetildragelsesmysteriet. I *Tankevaser: Om norsk 1990-tallslitteratur* (s. 121–140). Universitetsforlaget.
- Beckett, S. L. (2009). Child-to-Adult Crossover Fiction. I *Crossover fiction: Global and historical perspectives* (s. 85–133). Routledge.
- Behn, A. M. & Prinsesse Märtha Louise. (2002). *Fra hjerte til hjerte*. Press.
- Birkeland, T., Mjør, I., & Teigland, A.-S. (2018). *Barnelitteratur—Sjangrar og teksttypar* (4. utg.). Cappelen Damm Akademisk.
- Borgersen, T. (1985). *Om billedbruken i bøker for barn – en introduksjon*. Bergen Lærerhøgskoles skriftserie. No. 2.
- Cameron, J. (1997). *Titanic* [Drama; Film]. 20th Century Fox.
- Cappelen Damm. (u.å.-a). *Kurt koker hodet* [Forlag]. Cappelen Damm. Henta 9. april 2022, frå https://www.cappelendamm.no/_kurt-koker-hodet-erlend-loe-9788202232542
- Cappelen Damm. (u.å.-b). *Kurtby* [Forlag]. Cappelen Damm. Henta 4. mai 2022, frå https://www.cappelendamm.no/_kurtby-erlend-loe-9788202289331
- Det norske akademis ordbok. (u.å.). *slange*. Henta 11. mai 2022, frå https://naob.no/ordbok/slange_1
- Fosse, J. (1998). All-alder-litteratur. I *Årboka Litteratur for barn og unge* (s. 72–75). Det Norske Samlaget.
- Hermansen, S. K. (2021). *Litteratur for alle aldre? En undersøkelse av begrepet allalderlitteratur i perioden 1975-2019* [Master, Universitetet i Oslo]. <http://urn.nb.no/URN:NBN:no-88031>
- Holman, C. H., & Harmon, W. (1992). Allusion. I B. A. Heinssen (Red.), *A Handbook To Litterature* (6. utg.). Macmillian.
- Knutsen & Ludvigsen. (1983). Kanskje kommer kongen [Song]. På *Juba Juba*. Universal Music.
- Kristeva, J. (1986). Word, Dialogue and Novel. I *The Kristeva Reader* (s. 34–61). Columbia University Press.
- Larsen, A. S. (2020). Flyktningedebatten i satirens estetikk: Erlend Loes Kurt koker hodet (2003). *Barnelitterært forskningstidsskrift*, 11(1–2020), 1–10. <https://doi.org/10.18261/issn.2000-7493-2020-01-07>
- Loe, E. (2003). *Kurt koker hodet* (7. utg.). Cappelen.
- Nasjonalbiblioteket. (u.å.). *Kurt koker hodet*. Henta 9. april 2022, frå <https://www.nb.no/items/f340ad04ffa5130bc25a173c1f706430?page=0&searchText=kurt%20koker%20hodet>
- Nicolaisen, J. (1899). *Gymnastikkmarsj* (1).

- Nikolajeva, M., & Carole, S. (2006). Introduction. I *How Picturebooks Work* (s. 1–28). Routledge.
- Ommundsen, Å. M. (2010). *Litterære grenseoverskridelser: Når grensene mellom barne- og voksenlitteratur viskes ut* [Doktoravhandling]. Universitetet i Oslo.
- Scorsese, M. (1976). *Taxi Driver* [Drama]. Columbia Pictures.
- Simon, D. (Serieskapar). (2002-2008). *The Wire* [TV-serie]. HBO.
- Svennevig, J. (2020). Kommunikasjon. I *Språklig samhandling: Innføring i kommunikasjonsteori og diskursanalyse* (3. utg., s. 72–101). Cappelen Damm Akademisk.
- Wall, B. (1991). *The Narrator's Voice: The Dilemma of Children's Fiction* (1. utg.). MacMillan.